

# INNLEGG

Send innlegg til [redaksjon@strilen.no](mailto:redaksjon@strilen.no),  
Strilen, Postboks 3, 5902 Isdalstø eller på faks: 56 34 30 31  
Alle innlegg må vera underteikna med namn.  
Redaksjonen har rett til å forkorta innlegg.

## «Jag trivst best i öppna landskap» – eller?

Eg har dei siste par vekene følgd med på «trengsla» på parkeringsplassen ved Skysstasjonen. Sant å seia er det ikkje rare trengsla, sidan eg har kunna bruka ein stad mellom to og fem fingrar på å telja kor mange bilar som står parkert der kvar gong eg køyrer forbi. Dette skulle altså vera den innbringande mjølkekua for Knarvik Senter, der baktanken må ha vore at pendlarane skulle få gje sitt bidrag til at dei får lov

til å parkera i Knarvik. I staden har vi fått eit heil nytt «øppet landskap» i Knarvik, som Ulf Lundell uttrykkjer det. Eg lurar på kva denne plassen kan brukast til i framtida?

At så og seia ingen nyttar seg av dette «tilbodet», er ganske innlysande for mange av oss som definerar oss som pendlarar – men kanskje ikkje for eigarane av Knarvik senter? Det senteret i praksis har gjort, er å definera

pendlarane som ikkje-kundar i senteret. Det kan sjå ut som senterleiinga er i ferd med å få rett i den konklusjonen. Motivasjonen min for å handla i Knarvik senter har blitt mindre, for å seia det forsiktig. Eg trur ikkje eg er åleine om det.

Parkeringskapasiteten har sidan i sommar blitt auka vesentleg - og det er plass til alle. Då er det heller ikkje så rart at så og seia ingen parkerer ved Skyssta-

sjonen, sidan det der kostar pengar frå det minuttet du går ut av bilen. At det er lengre veg å gå til butikkane frå denne plassen, gjer den heller ikkje meir attraktiv.

Eg forstår at det er behov for parkeringsregulering mot betaling på stader der det er trengt om plassen. Det er ikkje tilfelle i Knarvik. Difor vil ikkje dette fungera. Eg trur det motsette vil skje – at senteret tapar kundar på dette opplegget.

Eg kan forstå at senteret har hatt behov for å få vekk bilar som har tatt dei beste parkeringsplassane i senteret, enten dette har vore tilsette med arbeidsplass i senteret eller ein og annan pendlar. Det eg ikkje kan forstå, er kvifor ein skulle innføra parkeringsautomatar for å regulera dette.

Leif Arne Økland, Myking

## Strøkne skiløyper i Stordalen



**NEDOVER OG BORTOVER:** Det er ikkje berre nedoverski ein kan bruka i Stordalen. – Det er no køyrt opp om lag ei og ei halv mil med skiløyper i Stordalen, fortel Arne Berg til Strilen. Løypene går inn mellom hyttene ved anleggsvegen til Langedal. Stordalen kan by på flott skiføre og fine tilhøve for skigåing, seier Berg.

## Felling og rydding

Berrfrost og  
kald austavind gjennom Tverrskaret.  
Det er tid for å blinka ut  
kvitklede bjørkeleggar.  
Rydd i rotvelter må også gjerast.  
Det er ikkje heilt ufarleg.  
Som å tirra ein olm stut:  
du kan få deg ein karamell  
før du veit ordet av det.  
Knekte tre på halv åtte er enklare.  
Det gjeld berre å vera rask i vendinga  
og lett på foten.

Jarle Sylta, Hjelmeland

## Bang! på Sæbø skule

Vestnorsk utvandringssenter avsluttar komande onsdag temavekene om stjernehimmelen, med ein spektakulær kveld med astronomen Knut Jørgen Røed Ødegaard (biletet). Det skriv utvandringssenteret i ei pressemelding. Røed Ødegaard kjem til Sæbø skule med føredraget: «Bang! Kollisjonar og eksplosjonar i verdsrommet!» Eit innleigd planetarium frå Vil vite-senteret i Bergen er ope for publikum frå to timar før føredragsstart. – Me vonar folk tek turen, og at alle er tidleg ute for å få tid til å oppleve stjernehimmelen på nært hald inne i planetariet, skriv Ida Dyrkorn Heierland ved



Vestnorsk utvandringssenter. Det er høve til å kjøpe billetter til arrangementet på kultur- og sørvistorget i Radøy kommune.

# Bli med og stem fram

## Nordhordlands beste butikk

Gå inn på [www.strilen.no/beste](http://www.strilen.no/beste) og gje di stemme!

**Kandidatar:** Elle Melle, Mastrevik Torg. Heilt originalt!, Nedre Lindås. Karina Design og Agenturer, Hosteland. Bok og Media, Frekhaug Senter. Bunnpris, Bøvågen. Hjelmås Handelslag, Hjelmås. Kiwi, Ikenberget. Rema 1000, Knarvik.

Avstemminga vert avslutta 28. februar.

**Strilen** 50  
ANNI

